




Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Orienteringsmøte for foreldre/føresette til elever på Vg1

Torsdag 5.september 2024 kl.18:30. Klassevise møte



# Program:

---

- Presentasjon av skulen
- Orientering om organisering og reglar
- Ny opplæringslov
- Saker kontaktlærer vil ta opp
- Val av foreldrerepresentantar m/vara til skuleutvalet (1 medlem + 1 vara frå trinnet)
- Ulike retningar i matematikk for studiespesialisering og idrettsfag
- Saker som foreldre/føresette vil ta opp



# Skulen si leiing:

---

- Margaret Alme – rektor
- Jon Arne G. Haram – assisterande rektor
- Karen Topphol – avdelingsleiar
- Bård Ringstad – avdelingsleiar
- Gunhild Snipsøy - avdelingsleiar

# Rådgjevarane/helsesjukepleiarane:

---

Linda Sævik – rådgjevar

Hege Holstad – rådgjevar

Dagny Davidsen – OT rådgjevar

Daniel Moltumyr og Hanna Moldskred – helsesjukepleiarar

Ingrid Redse Mjaaseth – prosjektstilling i høve psykisk helse

Anja Nykrem Korshaug – PPT og den som møter i skulen sitt Ressursteam

«Eit av landets beste tilbod innan skulehelseteneste»



# Skulehelsetenesta:

---

## Informasjon til foreldra:

Vaksine mot hjernehinnebetennelse. Effektiv mot dei mest vanlege årsakene til smittsam hjernehinnebetennelse, som kan spreie seg der ungdom har tett samvær

(festing, idrettsarrangement, festivalar etc.)

God oppslutning i fjor - ca 270 vaksinerte.

Anbefalt frå 16 år – varer i 10 år

2 vaksineringsdagar i løpet av oktober, på skulen. Nærare info vil bli gitt ved fleire anledningar til elevane og i teams.

Pris: 400kr

Meir info på [helsenorge.no](https://helsenorge.no)

Om du lurer på noko, kontakt Daniel, helsesjukepleiar, 94 13 34 29



# Kontaktlærarar på Vg1:

---

|      |                           |  |
|------|---------------------------|--|
| 1EL1 | Daniel Grønbech Nedreberg | elektro og datateknologi                 |
| 1EL2 | Jostein Ertesvåg          | elektro og datateknologi                 |
| 1GN1 | Arlen Rønning Eid         | grunnleggande norskopplæring             |
| 1ID1 | Vidar Ertesvåg            | idrettsfag                               |
| 1ID2 | Eivind Nilsen             | idrettsfag                               |
| 1IM1 | Mette Holstad             | informasjonsteknologi og medieproduksjon |
| 1SP1 | Karianne Kvalsvik         | språkklassa                              |
| 1SR1 | Kenneth Engebretsen       | sal, service og reiseliv                 |
| 1SR2 | Caroline Stolsmo          | sal, service og reiseliv                 |
| 1ST1 | Øyvind Grimstad Gryt      | studiespesialisering                     |
| 1ST2 | Synnøve Overå Hide        | studiespesialisering                     |
| 1ST3 | Sølvi Løvøy               | studiespesialisering                     |
| 1TPO | Ruth Linda Nerland Osnes  | tilpassa opplæring                       |



# Skuleåret 2024-2025:

---

5 utdanningsprogram – Studiespesialisering, Idrettsfag, Informasjonsteknologi og medieproduksjon, Elektro og datateknologi, Sal, service og reiseliv

Påbygging til generell studiekompetanse

Språkklasse

Klasse for grunnleggande norskopplæring

Om lag 565 elevar + opplæring for vaksne

28 klasser

Ca 100 tilsette: pedagogisk tilsette, fagarbeidarar og assistentar, merkantilt tilsette og driftstilsette



# Ny opplæringslov frå 01.08.2024

## Rett til å fullføre

- utvida rett til vidaregåande opplæring
- utvida rett til omval
- rett til yrkesfagleg rekvalifisering
- overgang mellom ungdomsskole og vidaregåande skole og overgangstilbod
- rett til påbygging
- rett til rådgiving for dei som har læretid i bedrift
- utviding av målgruppa for oppfølgingstenesta

## Medverknad

- lovfesting av det beste for eleven
- lovfesting av retten til medverknad
  - skoledemokrati

## Fråvær

- plikt til å følge opp fråvær

## Særskilt for vaksne

- førebuaende opplæring og vidaregåande opplæring for vaksne

## Språk

- rett til opplæring i samisk
- rett til opplæring i kvensk/finsk
- utvida rett til opplæring i eiga skriftspråkgruppe
- rett til opplæring i norsk teiknspråk for elevlar som bruker tolk i ordinære vidaregåande skolar

## Opplæring

- fleksibilitet i fag- og timefordelinga
- tilsyn med privat grunnskoleopplæring i heimen
- fjernundervisning

## Andre endringar

- forbod mot forkynning
- samarbeidsorgan for lærebedrifter (opplæringskontor)
- kompetanse til å gi individuelt tilrettelagd opplæring
- fleire merknader på politiattest og utviding til leirskole
- tilgang på vikarar ved fråvær
- melde frå til kommunen eller fylkeskommunen i skolemiljø saker





# Ny opplæringslov frå 01.08.2024 forts.

## Nokre endringar i ord og omgrep

| Ord og omgrep i dagens regelverk      | Ord og omgrep i nytt regelverk  |
|---------------------------------------|---|
| Spesialundervisning                   | Individuelt tilrettelagd opplæring, <u>personleg</u> assistanse, fysisk tilrettelegging |
| <u>Tidleg</u> innsats                 | Intensiv opplæring  |
| <u>Særskild</u> norskopplæring        | Forsterka opplæring i norsk   |
| Grunnskoleopplæring for <u>vaksne</u> | <u>Førebuande</u> opplæring for <u>vaksne</u>   |
| Ordensreglement                       | <u>Skolereglar</u>  |
| Skjerpet aktivitetsplikt              | Skjerpa plikt til å melde frå   |
| Varsle                                | Melde frå   |



# Visjon og verdigrunnlag

---

## VÅR SKULE - VÅRT ANSVAR

### Fylkeskommunen sin visjon: Ein tydeleg medspelar

"Vi vil utvikle kvaliteten i vidaregåande opplæring ved å vere tydelege medspelarar på vegne av fellesskapet i regionen og vere profesjonelle i alt vi gjer. Vi skal vere fagretta, utviklingsorienterte og med tydeleg respekt for samfunnsoppdraget vi er gitt."

### Fylkeskommunen sitt felles verdigrunnlag:

- respekt
- likeverd
- medraderett
- fellesskapsansvar
- open organisasjon



# Kva slags skule ønskjer Ulstein vidaregåande å vere?

---

Ulstein vgs vil ha fokus på gode relasjonar og god klasseleiing.

God klasseleiing med vekt på gode relasjonar der alle elevane vert sett, og god og tydeleg kommunikasjon mellom lærarar og elevar.

**Målet er god fagleg og sosial utvikling for alle elevane ut frå kvar enkelt sin ståstad.**



# Kva slags skule ønskjer Ulstein vidaregåande å vere?

---


Vi legg vekt på god bruk av teknologi

Pilotskule innan bruk av Microsoft365 “alle plassar der det er mogleg”

Teams vert nytta som læringsplattform. OneNote som reiskap

# Skulen sine gjennomføringstal. Målsettinga er 90%

Fullført og bestått - resultat siste skuleåra:



Blant dei beste skulane i fylket i 17-18, litt ned i 18-19.


Skuleåra 19/20, 20/21 og 21/22 var prega av covid-19 og etterkvart eit stort faktisk fråvær, som bl.a førte til fleire «ikkje vurdert»

Skuleåret 22/23 vart eksamen gjennomført og vi var framleis over 90%.

Sist skuleår fall gjennomføringa til 86,5%. Det er vi ikkje nøgde med.



# Skulen sine resultat forts.



Fråværet har gått ned etter innføring av 10%-grensa. Det må både skule, elevar og foreldre vere nøgde med.

Fråværet 19-20: det vart ikkje ført fråvær frå 13.mars 20

Fråværet 20-21 og 21-22: koronatiltak og det meste av fråværet vart «ikkje-teljande»

No er vi tilbake til normalen, dvs. alt fråvær skal førast og grensa for å ikkje få karakter i faget er 10% udokumentert fråvær.

22/23 og 23/24 tilnærma likt fråvær.



# Timeplanorganisering

---

- Skuleåret 2020-2021 gjekk vi over frå enkelt- og dobbeltimar til heile eller halve dagar med fag. Slik også skuleåret 2021-2022.
- Skuleåret 2022-2023 justerte vi timeplanen til to fag per dag, men med nokre tilpassingar. Den organiseringa held vi på også til skuleåret 2024-2025
- Kvifor?
- For å få meir ro i skulen
- For å støtte opp under tenkinga i Fagfornyinga; djupnelæring, forskande tilnærming, tverrfaglegheit



# Timeplanorganisering

---

- Alle fag har eit minstetimetall - gitt i læreplanen
- Vi når «minstetimetallet» til ulike tider på våren og målet er å få gitt mest mulig undervisning før eksamensperioden startar
- Nokre fag vil bli ferdige tidlegare enn andre
- Nokre elevar kan dermed få fri heile eller halve dagar innimellom
- Timeplanen varierer «frå dag til dag» og «veke til veke»





# VIS-app. Kun for elever

---

- Elevane må legge inn app'en VISMA InSchool på telefonane sine
- Elevane må ha den for å sjå timeplanen
  
- Appen er ikkje for foreldre – foreldre MÅ bruke PC.



# Trivsel og psykisk helse

---

Ulstein vidaregåande skule nyttar skuleoppstartprogrammet **VIP-makkerskap** ved skulestart.

Det er minimum eit 9 vekers opplegg som skal hjelpe elevane å bli betre kjende med kvarandre og skape tryggleik desse første skulevekene.


Vi køyrer programmet **VIP-snakk om det** for Vg1 rundt midten av skuleåret.

Vestre Viken står for opplegget for begge programma.

Kartleggingsprogrammet SPEKTER kan bli brukt førebyggande



# Rusarbeidet i vidaregåande opplæring



Plan for rusarbeid finn ein på fylket si heimeside: <https://mrfylke.no/om-oss/planar-planarbeid-og-hoeyringar/fylkesstrategiar>

... og via skulen si heimeside gjennom Om skulen/Planar, reglar og forskrifter.

Rusplanen er ein felles plan for dei fylkeskommunale vidaregåande skulane.

Forankringsarbeid lokalt på skulane.

Det kan bli aktuelt med ein temadag om rus for heile skulen ut på hausten i regi av skulehelsetenesta, kommunepsykolog, politiet og UngArena.



# Viktige punkt i Fylkesstrategi for kvalitet i vidaregåande opplæring i M&R 2024-2027:

---

- Læringsmiljø (trygt og godt læringsmiljø, tilpassa opplæring, vurderingspraksis, grunnleggende ferdigheiter, digital kompetanse, relevans i fag, elevdemokrati og medverknad)
- Læringsresultat (i høve mål som er sett)
- Gjennomføring (overgongar mellom nivå og fullført og bestått)
- Leiing og profesjonsutvikling (pedagogisk og fagleg leiarskap)

Delstrategi. Kvalitet i vidaregåande opplæring: <https://pub.framsikt.net/plan/mrfk/plan-13a2ba35-5113-41d6-a667-4019af3d2844-25320/#/>

Skulen lagar eigen handlingsplan: <https://ulstein.vgs.no/om-skulen/handlingsplanen/>



# Foreldresamarbeid er forskriftsfesta:

---

- Skulen skal halde kontakt med føresette til umyndige elevar gjennom heile opplæringsløpet
- Informasjonsmøte i starten av skuleåret
- Rett til minst ein planlagt og strukturert samtale med kontaktlæraren i løpet av første halvår
- Vil få invitasjon til samtale i løpet av hausten, okt/nov
  
- Søknadsfrist for neste skuleår: 1.mars (1.februar for søking på særskilt grunnlag)



# Føresette til ikkje-myndige elevar skal få:

---

- munnleg eller **skriftleg** varsel dersom det er fare for ikkje grunnlag for vurdering i fag
- munnleg eller **skriftleg** varsel om fare for at eleven kan få karakteren nokså god eller lite god i orden og/eller åtferd
- høve til å logge inn på skulen sitt fråværs- og vurderingssystem, Visma InSchool. Innlogging via BankID.



# Kommunikasjonskanalar:

---

- Skulen sitt telefonnr.: 71281000
- Skulen si heimeside: <http://www.ulstein.vgs.no>
- Facebook: **Ulstein vidaregåande skule – off.side**
  
- Visma InSchool: Foreldrepålogging. Gjeld timeplan, vurderingar og fråvær
- Føresette kan logge seg inn på VIS (Visma InSchool) via ID-porten. Info på fylket si heimeside: <https://mrfylke.no/tenester/skole-og-opplaring/opplaring-i-skole/ikt-og-elev-pc/visma-inschool/>



---

E-post: [ulstein.vgs@mrfylke.no](mailto:ulstein.vgs@mrfylke.no)

Link til opplæringslova, forskrifta til opplæringslova, skulereglane og skriv om fráværreglane er å finne på fylkeskommunen si heimeside




# Trafikksituasjon om morgonen

Til føresette

## Trafikksituasjonen om morgonen

Mellom kl. **08.00-08.20** om morgonen er det stor pågang av bilar i krysset ved bommen til skulen (sjå gul ring på kartet). Dette skaper farlege og leie situasjonar, spesielt i mørketida. Det har vore fleire samanstøytar mellom bilar, og fleire nesten-påkøyrselar av fotgjengarar. Skulen vil difor oppmode alle som skal sette av elevar i dette tidsrommet, om å køyre inn på parkeringsplassen ved Høddvoll Panorama. Det er både gangveg og trapp frå parkeringsplassen og opp til skulen.



# Gjeldande fráværsreglar:

---

- Over 10% udokumentert frávær i faget fører til at karakter ikkje vert sett. Ein del frávær er unnateke regelen, dersom dokumentasjonskravet er oppfylt
- Karaktergrunnlaget kan mangle sjølv om udokumentert frávær i faget er under 10%
- Noko av køyreopplæringa er no godkjent som unntak frå 10%-grensa
- Sjølvstendig studiearbeid – kompenserande tiltak ved frávær, men ikkje ved feriereiser
- **Dokumentasjon må på plass innan 14 dagar.** Etter 14 dagar kan vi ikkje endre fráværet, jfr. FK sitt fráværsreglement
- Oversikt over frávær og 10%-grensa:  
[https://docs.google.com/document/d/1LQKVzDrKLXv3bGuweECpXKUA\\_DFXSTdqhar4TkI/4lg/edit?usp=sharing](https://docs.google.com/document/d/1LQKVzDrKLXv3bGuweECpXKUA_DFXSTdqhar4TkI/4lg/edit?usp=sharing)



# Fråværsføring og fråværsoppfølging:

---

Alt fråvær skal førast

Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar

Eleven kan krevje at årsaka til fråværet vert ført på eit vedlegg til vitnemålet dersom årsaka er dokumentert

Eleven kan krevje at inntil 10 skuledagar i eit opplæringsår ikkje vert ført på vitnemålet:

- Helse- og velferdsgrunnar
- Arbeid som tillitsvald
- Politisk arbeid
- Hjelpearbeid



- 
- Lovpålagt oppmøte (td sesjon)
  - Representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå
  - 2 dagar knytt opp mot religiøs høgtid for dei som ikkje er medlemmar i Den norske kyrkja

Fråvær etter første punktet må dokumenterast med legeerklæring

Fråvær som skuldast helsegrunnar må vare meir enn tre dagar og berre fråvær frå fjerde dagen kan trekkast frå

Gjeld ikkje fråvær i enkelttimar

Skulereglane set krav til at eleven melder frå om fråvær frå første fråværsdag eller dersom han/ho må forlate skulen i løpet av skuledagen



# Info på fylkeskommunen si heimeside:

<https://mrfylke.no/tenester/skole-og-opplaring/opplaring-i-skole/rettar-og-reglar/>



Møre og Romsdal fylkeskommune

Tenester    Politikk    Om oss

[Framsida](#) / [Tenester](#) / [Skole og opplæring](#) / [Opplæring i skole](#) / Rettar og reglar

## Rettar og reglar

|   |   |  |   |
|---|---|--|---|
| <a href="#">Søknad om permisjon</a>             | → | <a href="#">Rett til spesialundervisning</a>     | → |
| <a href="#">Skolereglar</a>                     | → | <a href="#">Elevforsikring</a>                   | → |
| <a href="#">Fråværsreglement</a>                | → | <a href="#">Utlånsreglement skolebibliotek</a>   | → |
| <a href="#">IKT-reglement</a>                   | → | <a href="#">Avbryte opplæringa</a>               | → |
| <a href="#">Språketten i vidaregåande skole</a> | → | <a href="#">Rett til særskilt språkopplæring</a> | → |



# Krav til aktivitetsplikt hos eleven:

---

- **§10-6.** *Elevane si plikt til å delta og kommunen og fylkeskommunen si oppfølgingsplikt*
- Elevane skal vere aktivt med i opplæringa og følgje skolereglane. Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at elevar med fråvær frå opplæringa blir følgde opp.
- Elevane kan bli pålagde å gjere oppgåver utanom skoletida (lekser). Det må takast omsyn til at elevar har rett til kvile og fritid.



# Kartleggingsprøver Vg1 hausten 2024:

---

Vi brukar Kartleggaren sine kartleggingsprøver i faga:

- Matematikk
- Norsk
- Engelsk

# Forskrifta til opplæringslova

---

## § 9-16. Standpunktkarakterar i fag

- Standpunktkarakterar skal vere eit uttrykk for den samla kompetansen elevane har ved avslutninga av opplæringa. Standpunktkarakterar skal setjast i samsvar med [§ 9-1](#).
- Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at elevane er kjende med kva det blir lagt vekt på i fastsetjinga av standpunktkarakterane. Elevane skal ha fått høve til å vise kompetansen sin på fleire og varierte måtar. Kompetansen som elevane har vist i den tida dei har fått opplæring, skal takast med i vurderinga når standpunktkarakterane skal fastsetjast.
- Standpunktkarakterar i fag med sentralt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før fellessensurmøtet.
- Standpunktkarakterar i fag med lokalt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før skolen held den første eksamenen i faget på det aktuelle trinnet på utdanningsprogrammet.
- Reglane i tredje og fjerde ledd gjeld ikkje der ein elev får meir opplæring etter [§ 5-2](#) og samtidig er meldt opp til utsett, ny eller særskild eksamen, jf. [§ 9-36](#)–§ 9-38. Standpunktkarakterane skal då fastsetjast etter endeleg sensur av utsett, ny eller særskild eksamen.
- Faglærarane set standpunktkarakter. Dersom rektor er i tvil om at reglane for fastsetjing av standpunktkarakter er følgde i eit fag, kan rektor krevje at faglæraren gjer ei ny fagleg vurdering før karakteren blir fastsett og ført.
- Dersom ein elev ikkje kan få standpunktkarakter i eit fag og eleven har fått varsel etter [§ 9-7](#), skal rektor sjølv gjere vedtak om at det ikkje blir gitt standpunktkarakter i faget.





## § 9-17. Standpunktkarakterar i orden og i oppførsel

---

- På 10. trinn og ved avslutninga av opplæringsløpet i vidaregåande skole skal det setjast ein standpunktkarakter i orden og ein standpunktkarakter i oppførsel.
- Standpunktkarakterane i orden og i oppførsel skal vere eit uttrykk for korleis elevane har teidd seg, og kva for orden dei har hatt. Det skal gjerast ei heilskapleg vurdering av ordenen deira og oppførselen deira gjennom opplæringstida.
- Rektor må drøfte standpunktkarakterane med lærarane til elevane før dei blir sette.
- Dersom ein elev skal få standpunktkarakter nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller i oppførsel, må eleven ha fått varsel om det, jf. [§ 9-7](#). Kravet om varsling gjeld likevel ikkje om ein sanksjon for ei enkelthending etter skolereglane er årsaka til karakteren.



# Val av medlem til skuleutvalet

---

## *Skuleutvalet:*

- ein representant for foreldra/føresette m/vara - frå Vg1
- ein representant for foreldra/føresette m/vara – frå Vg2
- to representantar for elevane
- ein representant for dei tilsette
- ein eller to representantar for lokale samfunnsinteresser
- rektor

Ca. 3 møte i skuleåret

Er du interessert å sitje i skuleutvalet gi kontaktlærer eller rektor beskjed



# Elevkveldar

---

- Omtrent ein gong per månad
- Film, pizza, sosialt samvær

Ansvarleg: Trond Haugland

# Russefeiring

---

- Planlegginga startar stadig tidlegare, gjerne allereie i 10.kl.
- Russegrupper vert gjerne etablerte i grunnskulen
- Russegrupper på tvers av skulane, som dermed vert opplevd som lukka for andre elevar på skulen
- Mykje kan skje desse 2-3 åra
- Pengar – ei kjelde til konflikt
- Konflikhtar vert dratt inn i skulen og pregar skule- og læringsmiljøet negativt for fleire elevar
- Grenseoverskridande åtferd
- **Russetida skal vere inkluderande, ikkje ekskluderande, slik fleire opplever den**
- **Det vert jobba på nasjonalt plan med ei endring av russetida. Kanskje frå 2026.....**



# Nulltoleranse mot mobbing

---



# Innsatsteam mot mobbing

---

Skuleeigar - fylkeskommunen - har bestemt at alle skulane skal etablere Innsatsteam mot mobbing.

I innsatsteamet er rektor, avdelingsleiarane, rådgjevarane og PPT med.

SPEKTER er ei ikkje-anonym undersøking om mobbing og andre forhold i læringsmiljøet. Vil bli brukt i læringsmiljø saker og som førebyggjande verktøy.

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/>



# ENT3R

Gratis realfagshjelp i et digitalt klasserom!

Les mer på [ent3r.no/digital](https://ent3r.no/digital)

Nasjonalt senter for  
**REALFAGSREKRUTTERING**



# Val av matematikk på studiespesialisering og idrettsfag

---

Elevar på Vg1 kan velje mellom

- Matematikk 1P – praktisk retta matematikk
- Matematikk 1T – teoretisk retta matematikk

Begge faga har 5 t/v og er avsluttande dette skuleåret, dvs karakteren blir ståande på vitnemålet.



# Matematikk 1P:

---

- Praktisk retta: geometri, økonomi, sannsyn, prosent, forholdsrekning, enkle funksjonar
- Noko repetisjon frå ungdomsskulen
- «Lettaste» matematikkvarianten
- Passar til eleven som:
  - ikkje treng matematikk for vidare studium
  - ikkje er så glad i faget
  - synest matematikk er vanskeleg
- Gir generell studiekompetanse



# Matematikk 1T:

---

- Teoretisk retta: geometri, likningar, funksjonar, derivasjon, trigonometri, matematiske modellar, ...
- Eleven lærer mykje nytt, ikkje repetisjon frå tidlegare
- Passar til eleven som:
  - treng matematikk for vidare studium
  - er glad i faget
  - føler at han/ho lykkast med matematikk
- Gir generell studiekompetanse



# Matematikk på Vg2 idrett:

---

- Minimumsvarianten er å velje 2P på Vg2, 3 t/veke.
- Elevar som har hatt 1T på Vg1 kan i staden for 2P velje R1 (matematikk for realfag) på Vg2, 5 t/veke.
- Begge faga er avsluttande med standpunktkarakter på vitnemålet.



# Matematikk på Vg2 og Vg3 studiespesialisering:

---

- Minimumsvarianten er å velje 2P på Vg2, 3 t/veke.
- Elevar som har hatt 1T på Vg1 kan velje R1 (matematikk for realfag) på Vg2. Kan byggast på med R2 på Vg3.
- Begge faga er avsluttande med standpunktkarakter på vitnemålet.



# Reglar for framandspråk:

---

Elevar som har hatt **framandspråk alle 3 åra** i ungdomsskulen, kan velje:

- Å gå vidare med dette framandspråket på Vg1 og Vg2
- Å ta eit nytt framandspråk på Vg1 og Vg2 (dersom skulen har tilbodet)

Elevar som har hatt **fordjuping** i norsk eller engelsk på ungdomsskulen, skal ha:

- Eit obligatorisk framandspråk I+II på Vg1, Vg2 og Vg3, til saman 13 timar



# Utdanningsprogram for studiespesialisering:

---

## To programområde:

- Realfag
- Språk, samfunnsfag og økonomi

Fagvalsprosessen: februar/mars

Vigo.no, søknadsfrist 1. mars



# Struktur studiespesialisering Vg2/Vg3:

---

420 årstimar fellesfag, dvs. fag alle må ha

420 årstimar programfag til val

Fordjuping i 2 programfag innanfor eige programområde

## **Fellesfag på Vg2:**

- 112 årstimar norsk
- 56 årstimar kroppsøving
- 112 årstimar framandspråk, nivå 1 eller 2
- 56 årstimar historie
- 84 årstimar matematikk, praktisk
- = 420 årstimar



# Programfag til val:

---

## **REALFAG:**

Matematikk for realfag R1

Biologi 1

Fysikk 1

Kjemi 1

Informasjonsteknologi 1



---

## **SPRÅK, SAMFUNNSFAG OG ØKONOMI:**

Internasjonal engelsk

Sosiologi og sosialantropologi

Samfunnsøkonomi 1

Økonomistyring

Rettslære 1

Matematikk for realfag, R1

# Fellesfag på Vg3:

---

- 168 årstimar norsk
- 56 årstimar kroppsøving
- 84 årstimar religion
- 112 årstimar historie

Fordjuping i 2 programfag innanfor eige programområde



---

Alle elever som går studiespesialisering med rett tal timar og rett fagkombinasjon får **generell studiekompetanse**.



# Spesielle opptakskrav:

---

Ein del utdanningsinstitusjonar krev visse fagkombinasjonar. Her er nokre døme:

- *Siviløkonom- og informatikkstudium*  
R1 eller (S1+S2)
- *Ingeniør- og sivilingeniørstudium*  
(R1+R2) + Fysikk 1
- *Bioingeniør*  
R1 eller (S1+S2)+Fysikk 1 eller Biologi 1 eller Kjemi 1



- 
- *Lege/tannlege/ernæring/farmasøyt*  
R1 eller (S1+S2)+Fysikk1+Kjemi (1+2)
  - *Veterinær*  
R1 eller (S1+S2)+Kjemi (1+2)
  - *Reseptar og tannteknikar*  
R1 eller (S1+S2) eller Fysikk 1 eller Kjemi 1
  - *Arkitektur – NTNU*  
(R1+R2) + Fysikk 1
  - *Realfag, natur- og miljøfag*  
R1 eller (S1+S2) + eitt fag (1+2) frå programområdet realfag



---

## **Tilleggs poeng for realfag frå 2009:**

Inntil 4 tp for realfag. Alle programfag i realfag med 140 årstimar gir 0,5 realfagspoeng, bortsett frå matematikk R2 og fysikk 2, som gir 1,0 realfagspoeng

## **Tilleggs poeng for språkfag frå 2011:**

Inntil 4 tp for framandspråk (ikkje engelsk). Alle programfag i framandspråk med 140 årstimar gir 0,5 språkpoeng, bortsett frå framandspråk III, som gir 1,0 språkpoeng.



# YFF og etter kvart læreplass

---

- Det er viktig at eleven på YF startar tidleg med å orientere seg om praksisplassar og etter kvart læreplass
- Skulen kan/skal bistå
- YFF er ei moglegheit til å vise seg fram



---

**Takk for at de kom  
Vel heim**